

KOMMUNAL PLANSTRATEGI



Fjaler kommune 2016-2019

Kommunal planstrategi

FJALER KOMMUNE 2016-2019

Innhald

INNLEIING	2
Føremålet med kommunal planstrategi	2
PLANSYSTEMET I FJALER KOMMUNE	3
UTVIKLINGSTREKK, UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER	4
Befolkningsutvikling og befolkningssamansetning.....	4
Levekår og folkehelse.....	7
Næringsliv og sysselsetting	7
Miljø, klima og samfunnstryggleik	7
Oppvekst og utdanning	8
VURDERING AV PLANBEHOVET	8
Kommuneplanen sin samfunnsdel	8
Kommuneplanen sin arealdel.....	9
Kommunedelplanar.....	9
Kulturminneplan	9
Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.....	9
Plan for folkehelse 2014-17	9
Trafikktryggleiksplan 2005-08.....	9
Fleirbruksplan for Flekke- og Guddalsvassdraget 2015-.....	9
Energi, klima og miljøplan 2010-14	9
Kommunedelplan for Dale.....	9
Temaplanar.....	10
Helsestrategi	10
Overordna ROS-analyse.....	10
VA-plan.....	10
Områdereguleringar (areal):	11
Dale sentrum.....	11
Detaljreguleringar (areal):.....	11
Gravstad Dale (Øyra)	11
Bustadareal.....	11
Helseføremål sjukeheimen	11
Helseføremål Vollamyra (eventuell regulering).....	11
Fylkesveg 57	11
Veg Lutelandet (frå Lammetun til Lutelandet)	11
PRIORITERING AV PLANOPPGÅVER 2016-2019	12

INNLEIING

Føremålet med kommunal planstrategi

Etter plan- og bygningslova §10-1 skal kommunestyret minst ein gong i kvar valperiode, og seinast eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Kommunal planstrategi utformast etter behovet i den einskilde kommune. Føremålet er å klargjere kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller vidareføre for ei ynskjeleg utvikling i kommunen. Kommunal planstrategi erstattar det obligatoriske kravet til rullering av kommuneplanen som låg i plan- og bygningslova frå 1985. Planstrategien set eit sterkt fokus på at planlegginga skal være behovsstyrt og ikkje vere meir omfattande enn naudsynt..

§ 10-1.Kommunal planstrategi

Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling. Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer.


Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves. Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås sammen med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.

Gjennom arbeidet med planstrategien er intensjonen at ein styrker den politiske styringa av kva planoppgåver som skal prioriterast. Det er og viktig at kommunepolitikarane tidleg i valperioden vert kjend med kommuneplanen som styringsverktøy, og ta stilling til om dei ynskjer endring i dei mål og stretegiar som ligg i eksisterande plan.

Gjennom vedtaket av den kommunale planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om kommuneplanen heilt eller delvis skal reviderast eller vidareførast utan endringar. Planstrategien er og eit godt verktøy for å vurdere kommunen sitt samla plansystem, planressursar og planbehov i kommunestyreperioden knytt til kommunedelplanar og andre temaplanar.

PLANSYSTEMET I FJALER KOMMUNE

Kommuneplanen består på den eine sida av ein samfunnsdel med handlingsplan, og på den andre sida av ein arealdel (overordna arealplan og reguleringsplan). Planhierarkiet, og samhandlinga mellom dei ulike delane er vist i skissa nedanfor.



Planane vert delt inn i følgjande kategoriar:

- Overordna (økonomiplan (med årsbudsjett), årsregnskap og årsmelding, jf. kommunelova)
- Kommuneplan (arealdel, samfunnsdel, handlingsdel)
- Kommunale planar (tematisk, areal)
- Temaplan
- Internplan

Dei krav som vert sett i kommunelova til årleg framstilling av dokument (overordna planar) gjer at desse heldast utanfor planstrategiarbeidet.

Einingane har og ein god del fagplanar (temaplanar/interne planar) som er av ein slik karakter at dei ikkje treng å handsamast i ein kommunal planstrategi. Desse vert og som hovudregel rullert kvar planperiode.

Eg meiner ein bør avgrense planstrategien til planar med ein *samfunnsutviklingshorisont* som går vidare enn dei interne planbehov ein har i dei kommunale sektorane/einingane.

UTVIKLINGSTREKK, UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER

Befolkningsutvikling og befolkningsamansetning

Fjaler kommune har hatt eit nokonlunde stabilt folketal siste åtte år, etter ei kraftig nedgang midt på 2000-talet. (Men med ei viss nedadgåande trend). Fødselstala var i perioden 2011-2014 gode, men dei har stagnert siste to år, noko som gjer det krevjande å planlegge behovet innan oppvekstområdet.

Fjaler kommune har særleg to utfordringar når det gjeld folketal. For det første er folketallet stabilt, men ikkje aukande, noko som gjer utslag på inntektsida. For det andre har vi ei sterk befolkningsauke i Dale. Stor befolkningsvekst er krevjande for ein kommune å handtere, og legg press på utbygging, sosial og teknisk infrastruktur. Det merkast og gjennom prispress og boligmangel som gjer at kommunen får ei utfordring. Ei jamn tilgang på boligareal og regulert areal til leiligheiter og bustadareal vere ei viktig oppgåve for Fjaler kommune i kommunestyreperioden.

For perioden 2016-2040 er estimatet frå SSB at Fjaler kommune vil ha ei årleg vekst på mellom 0,1% og 0,5%, noko som er langt lågare enn målet i kommuneplanen som er 1%. Ein må og ta med seg at elevtalet ved UWC tradisjonelt sett har ført til at estimatet for fødde har vore høgare enn det reelle talet (grunna ei kunstig høg yngre befolkning). For at vi skal kunne nytte tala har vi korrigert for auke i årskull, slik at dei ligg på det som har vore historisk gjennomsnitt.

Folkemengd 1. januar (Kjelde: SSB)

2004	2006	2008	2010	2012	2014	2016
2 910	2 881	2 849	2 846	2 832	2 853	2 830

Framskriving 2018 -2040 basert på
middels nasjonal vekst (kjelde: SSB)

2018	2020	2022	2024	2026	2028	2030	2032	2034	2036	2038	2040
2 844	2 875	2 900	2 936	2 972	3 020	3 049	3 068	3 097	3 118	3 141	3 160

Historisk har kulla vokse med i gjennomsnitt 5 barn i førskulealder og 0 i barneskulealder.


I SSB si framskriving er det sett inn at dette etter ei tid auker til 30 barn i førskulealder og 15- 20 i barneskulealder. Dette gjer at i SSB si prognose skal Fjaler kommune ha ei dobling av barn i skulen på åtte år, noko som sjølvstapt hadde vore hyggeleg, men neppe i nærleiken av sanninga.

Viss vi retter opp for feilen får vi desse tala for befolkninga i Fjaler kommune (Vi har ikkje hatt tilgang på SSBs fertilitetsrater, utflyttingssannsynligheter, innflyttingsandeler etc, men retta årskulla slik at dei ligg på historisk snitt).

Framskriving 2018 -2040 basert på middels nasjonal vekst, korrigert for barnetal (kjelde: SSB)

2018	2020	2022	2024	2026	2028	2030	2032	2034	2036	2038	2040
2756	2699	2650	2626	2616	2625	2633	2660	2700	2743	2795	2844


Dette er og i samsvar med utviklinga 2004-2016



FIGUR 1:FOLKETALSUTVIKLING PR GRUNNKRETS, KJELDE: SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Viss ein ser på korleis befolkninga i Fjaler er sett saman og korleis dette vil utvikle seg er det to utfordringar som er viktige opp mot planarbeidet i kommunestyreperioden. For det første vert det stadig fleire eldre, og behovet for tenester innan helsesektoren vil auke. Vi vil ha ei auke i aldersgruppa 80 år eller eldre frå 162 personar i dag til 235 personar i 2030. Dette er rimeleg treffsikre tal, då det i hovudsak er personar som bur i kommunen i dag.

For det andre vil aldersgruppa 6-15 år (grunnskule) mest sannsynleg bli redusert med 50-80 elevar. Dette må vi allereie i denne kommunestyreperioden planlegge for, slik at vi har ein struktur på tenestene som er i samsvar med elevtal om 5-10 år



FIGUR 2: FRAMSKRIVING AV ALDERSSAMANSETNINGA I BEFOLKNINGA FRAM MOT 2040 (MIDDELS VEKST)- KORRIGERT FOR BARNETAL (KJELDE:SSB)



FIGUR 3: NOKRE SENTRALE FAKTORAR AV BETYDNING FOR BEFOLKNINGA SI HELSE OG VELFERD (KJELDE: REGJERINGEN.NO)

Levekår og folkehelse

Med folkehelselova og samhandlingsreforma har kommunen fått større ansvar for folkehelsearbeid og befolkningen sine helsetenester. Folkehelselova bygger opp under viktigheita av tverrsektoriell innsats og peiker på at ansvaret for å ivareta helse og forebyggje helsearbeid ikkje berre angår helsesektoren, men alle kommunen sine sektorar – «Helse i alt vi gjer».

Folkehelselova § 5 krev at kommunen har oversikt over folkehelseutfordringane i kommunen, og jf. § 6 skal denne oversikta gå inn som grunnlag i planstrategiarbeidet.

Fjaler kommune er med i eit interkommunalt samarbeid mellom Askvoll, Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Høyanger, Jølster, Naustdal, Solund, Selje, Stryn og Vågsøy kommunar. Flora kommune er vertskommune, og arbeidet vert utført av Folkehelseavdelinga i rådmannen sin stab. Samarbeidet skal bidra til å oppfylle kommunane

sitt ansvar til innbyggjarane i høve miljøretta helsevern, smittevern og førebyggjande samfunnsmedisinsk rådgjeving/folkehelse.

Saman med folkehelseavdelinga har Fjaler kommune utarbeida **Helseoversiktsdokument. Prosjekt med folkehelseavdelinga**. Arbeidet med dette er ikkje ferdig, men arbeidet, til saman med folkehelseprofilen (lagt ved) dannar bakgrunn for arbeidet med planstrategien.

Næringsliv og sysselsetting

Dersom vi ser utvikling over tid har Fjaler hatt ei endringar i retning av fleire kunnskapsarbeidsplassar, jf. til dømes Enoro og selskapa på Haugland. Siste åra har vi hatt ein auke med nye selskap som er i vekst. Døme på dette er Brødrene Dahl, Avans og Pecom. Dette veg opp mot nedgang innan jordbruk og industri. Kommunane i HAFS etablerte felles utviklingsorganisasjon frå og med juni 2015. Dette er viktige føresetnader for å kunne bidra til større samla vekst i regionen.

Utviding av bu- og arbeidsområde som følgje av Dalsfjordsambandet, samt industriutvikling i ytre deler av kommunen gir nye muligheter. Kontinuerleg fokus på og pågåande prosjekt mellom anna innan breibandsutbygging, betre overnattingskapaistet og betre vegar vil vere med å fremje vekst. Vidare mogelegheit er at ein i samarbeid med nabokommunane, dvs der ein har felles bu- og arbeidsområde (og pendling) har tettare samarbeid om utviklingsarbeidet (samfunnsutvikling)

Miljø, klima og samfunnstryggleik

Utan å bremse dei klimagassutsleppa som verda har i dag så vil truleg Noreg få ein auke i nedbør på om lag 18% fram mot slutten av århundret. Årsmiddeltemperaturen vil stige med om lag 4,5 °C og havnivået vil stiga med mellom 15 og 55 cm forskjellige stader i landet. Desse endringane medfører auka fare for uønska naturhendingar som flaum, stormflo og skred.

Lokalt i Fjaler er det funne ei auke i årleg nedbør frå normalperioden 1931-1960 til 1961-1990 og vidare gjennom referanseperioden 1971-1990. For målestasjonen i Dale si virketid frå 1950-2005 kjem det fram ein trend i auka årleg nedbør og vårnedbør som samsvarer med resten av Vestlandet. Framskriving av nedbørsmengdene om hausten er av stor interesse for regionen då det er om hausten det førekjem flest flaumar på Vestlandet (Hanssen-Bauer, et al., 2015) og ein dramatisk auke i nedbør om hausten vil bidra til endå hyppigare overflauming av vassdraga. Dette kan ha mykje å sei for vassføringa i Fjaler og Dale i framtida. (Juliussen, 2015)

Eit endra klima får konsekvensar for kommunen sin planlegging, og kunnskap om korleis det endra klimaet vil påverke miljø og samfunn må innhentast i samband med planarbeid. I forlenginga av dette er risiko- og sårbarheitsanalyser eit viktig fundament for kommunens samfunns- og arealplanlegging. Ein heilskapleg kommune-ROS og beredskapsplan var eit prioritert planområde i førre planperiode, særleg grunna den nye forskrifta om kommunal beredskapsplikt. Den heilskaplege ROS-analyse vil framleis vere ei prioritert planoppgåve, frem til beredskapsplanen er ferdig rullert.

Oppvekst og utdanning

Fjaler har god kvalitet i grunnskulen – blant dei beste i landet når vi ser på måleindikatorar, sjølv om ein har variasjon frå eitt år til eit anna.

Folkehelseprofilen viser at folkehelse i Fjaler er god og i samband med arbeid med samfunnsdelen av kommuneplanen, vart det og utarbeidd plan for folkehelse.

Sosialhjelpskostnader og arbeidsløyse er låg. Kommunen har eit godt og variert idretts- og kulturliv og aktivitetar. Det har vore og blir satsa kontinuerleg på utvikling av alle desse områda

VURDERING AV PLANBEHOVET

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteke 10.02.2014, etter ein grundig og brei prosess, med arbeidsgrupper, folkemøter, høyringar med meir.

Rådmannen ser ikkje at rulling av kommuneplanen sin samfunnsdel er naudsynt i planperioden 2017-2020, då det ikkje har vore endringar siste to år som gjer at overordna mål og hovudmål bør endrast.

Overordna mål

- Fjaler kommune skal ha ein positiv folketalsvekst. Veksten skal i hovudsak skje i aldersgruppa 20-40 år. med ein årleg vekst i overkant av 1% og 15% innan 2025

Hovudmål

- Fjaler kommune skal vere ein god og trygg plass å bu med fokus på folkehelse og gode oppvekstvilkår
- Fjaler kommune skal ha vekst i næringslivet. Veksten skal skje i eksisterande verksemder og i nye arbeidsplassar
- Fjaler kommune skal ivareta innbyggjarane sin samfunnstryggleik
- Fjaler kommune skal redusere utslepp av klimagassar og miljøskadeleg stoff
- Fjaler kommune skal sikre ei berekraftig forvaltning av naturressursane og ivareta viktig natur- og kulturlandskap
- Utbygging av hytteområde og enkelthytter skal ta omsyn til natur- og landskapsverdiar og ålmenta si tilgang til friluftsområder.
- Fjaler kommune skal jobbe for betre infrastruktur med hovudvekt på veg, overnattingskapasitet og gode kommunikasjonsløyser (som mobil og fiber)
- Fjaler kommune skal styrke Dale som kommunesenter og skape ein levande tettstad

Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanens arealdel skal angje hovudtrekka i arealdisponeringa og rammer og vilkår for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk, samt kva slags viktige omsyn som må ivaretakast ved disponering av areala. Kommuneplanens arealdel skal omfatte plankart, føresegner og planskildring der det går fram korleis nasjonale mål og retningslinjer, og overordna planar for arealbruk, er ivare tatt.

Arealdelen er under utarbeiding, og ein ser føre seg endeleg vedtak i 2017. Eg ser ikkje behov for ytterligare revidering i planperioden

Kommunedelplanar

Kulturminneplan

Rullerast i planperioden. Forventa oppstart 2017 med vedtak 2018

Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet

Gjeldande plan er for perioden 2013-16. Arbeidet er påbegynt, vi har mål om å vedta denne innan utgangen av 2016. Eg ser ikkje at det er naudsynt å rullere denne i ny planperiode

Plan for folkehelse 2014-17

Bør takast ut, og heller jobbast med i alle planar. Dette harmonerar og med folkehelselova som «peiker på at ansvaret for å ivareta helse og forebyggje helsearbeid ikkje berre angår helsesektoren, men alle kommunen sine sektorar – «Helse i alt vi gjer». For å sikre at ein når dette målet bør ein lage ein strategi/plan for korleis ein skal arbeide med folkehelse i alle planar. Arbeid med dette er lagt inn tidleg i planperioden.

Trafikktryggleiksplan 2005-08

Handlingsdelen rullerast 2016. Det er ei stund sidan planen vart vedteke, slik at det er naudsynt med rulling av heile planen. Planen er ikkje ein kommunedelplan, men vert kalla det. Eg rår til at denne vert flytta inn under «Temaplanar»

Fleirbruksplan for Flekke- og Guddalsvassdraget 2015-

Nyleg ferdigstilt, vert ikkje prioritert i perioden

Energi, klima og miljøplan 2010-14

Til like med plan for folkehelse er dette ein plan som heller bør innarbeidast i alle andre planar. Klima og miljø er og ivareteken i samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen. Dette, til saman med nye rutinar for rapportering av miljømål (tertialrapport), gjer at eg ikkje ser for meg rulling av planen i planperioden.

Kommunedelplan for Dale

Vedteke i kommunestyret den 07.09.15. Sett vekk frå «endring av delar av kommunedelplan Dale» (Øyra) som er påbegynt og forventa ferdigstilt i 2016 ser eg ikkje behov for rulling av planen i planperioden.

Temaplanar

Temaplanar vert normalt sett rullert i løpet av planperioden, og er, med unntak av dei med samfunnsutviklingshorisont (jf innleiinga) ikkje ein del av planstrategien.

Det er tre område vi ynskjer å prioritere for planperioden, og ynskjer å ha med i planstrategien:

Helsestrategi

Helse- og omsorgstenestene i kommunane står over for store oppgåver framover. Alderssamansetninga i befolkninga endrast og kompleksiteten i oppgåveløysninga vil auke. I staden for å heve terskelen for å få hjelp må det i større grad utviklast tenester som støtter opp under førebygging, tidleg innsats og rehabilitering.

For å utløyse ressursar på tvers av og utanfor kommuneorganisasjonen må det sjåast med nye auge på kva ei teneste skal vere, og kven som skal vere med på å skape den. Morgondagens omsorgsteneste skal leggje til rette for at brukarane i større grad vert ein ressurs i eget liv, for at innbyggjarane i lokalsamfunnet mobiliserast på nye måtar og vert ressursar for kvarandre, for at velferdsteknologi vert ein ressurs for brukarar som får betre moglegheit til å mestre kvardagen, og for at ressursane hos ideelle og frivillige organisasjonar vidareutviklast og takast i bruk på nye måtar.

Arbeidet med helsestrategi vil ta til hausten 16 og vare ut 2017.

Overordna ROS-analyse

I lov om Kommunal beredskapsplikt m.m. (Sivilbeskyttelsesloven), som vart sett i kraft 1.1.2010, står det at

«Kommunen plikter å kartlegge hvilke uønskede hendelser som kan inntreffe i kommunen, vurdere sannsynligheten for at disse hendelsene inntreffer og hvordan de i så fall kan påvirke kommunen. Resultatet av dette arbeidet skal vurderes og sammenstilles i en helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse.»

Kvar einskild kommunane pliktar såleis å kartleggja kva uønskete hendingar som kan inntreffa i eige geografisk område, vurderer sannsynet for at desse hendingane skjer, og korleis dei kan påverka kommunen (konsekvensar) – alt samanfatta i ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS).

Dette har ein jobba mykje med i førre planperiode, men vi ser for oss at det vil vere eit visst behov i planperiode 2016-19 og.

VA-plan

Alle kommunar bør jamnleg utarbeide langtidsplanar for utbygging, utskifting og rehabilitering av sine VA-anlegg. Førre hovudplanar for VA er frå 1999-2003 og har behov for revidering.

Strategisk plan for kysten (NY)

Fjaler kommunestyre gjorde i sak 081/16 vedtak om å delta i utarbeiding av «Strategisk plan for kysten 2016 -2020». Denne vil gje overordna føringar for anna planarbeid på kysten. Planen må difor inn i prioriteringslista for at ein skal sjå behovet for å setje av tid og ressursar.

Områdereguleringar (areal):

Dale sentrum

Områderegulering for Dale sentrum er under utarbeiding, og ein ser føre seg endeleg vedtak i 2017. Eg ser ikkje behov for ytterligare revidering i planperioden

Detaljreguleringar (areal):

Gravstad Dale (Øyra)

Det har lenge vore behov for å stenge Dale kyrkjegard for å omregulere denne. Kyrkjegarden er full og har behov for omregulering/endingar.

Tal graver må reduserast kraftig for å tilfredstille dagens krav (større graver). I reguleringa av kyrkjegarden må avstand til elva vurderast på ny grunna flaum og erosjonsfare. Vi ynskjer å ta fatt på faresonekartlegginga etter fullføring av områderegulering Dale sentrum og arealdelen av kommuneplanen.

Bustadareal

Dale har ikkje mykje ferdigregulert bustadareal. Dei store felta som er sett til bustadføremål i kommunedelplan for Dale har krav om detaljregulering og er i privat eige. Grunna aktivitet på bustadfronten frå private aktørar er dette ei prioritert oppgåve først i slutten av planperioden.

Helseføremål sjukeheimen

Området der sjukeheimen ligg er i kommunedelplan for Dale i eit område som krev detaljregulering.

Helseføremål Vollamyra (eventuell regulering)

Dersom ein i arbeid med helsestrategi kjem til at området bør nyttast til helseføremål må området detaljregulerast, då det i kommunedelplan for Dale i ligg i eit område som krev detaljregulering

Begge område med helseføremål må sjåast i samband med helsestrategien

Fylkesveg 57

Planleggingskostnadar for FV 57 forskotterast av Fjaler og Gaular kommune etter avtale med fylkeskommunen. Planen vert i all hovudsak utarbeidd av eksterne aktørar.

Veg Lutelandet (frå Lammetun til Lutelandet)

Kjem etter rådmannen sitt syn i same kategori som FV 57. Dette er ein vegteknisk plan der ein må hente inn ekstern plankompetanse.

PRIORITERING AV PLANOPPGÅVER 2016-2019

Fjaler kommune prioriterer først å fremst å fullføre kommuneplanen sin arealdel, samt områdereguleringa av Dale sentrum. Begge bør vere ferdigstilt i løpet av 2017.

Ansvar	Plantype-og namn	2017	2018	2019
	Kommuneplan:			
Teknisk	Samfunnsdel	Vidareførast		
Teknisk	Arealdel	Pågår		
	Kommundelplanar:			
Kultur	Kulturminneplan	Oppstart		
Kultur	Plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet	Pågår		
Rådmann	Plan for folkehelse	Går ut		
Teknisk	Fleirbruksplan for Flekke- og Guddalsvassdraget	Vidareførast		
Teknisk	Energi, klima og miljøplan	Vidareførast		
Teknisk	Kommunedelplan for Dale	Vidareførast		
	Temaplanar:			
Rådmann	Helsestrategi	Pågår		
Rådmann	Overordna ROS-analyse	Pågår		
Teknisk	VA-plan	Oppstart		
Fylkesk.	Strategisk plan for kysten	Oppstart haust 16		
	Områdereguleringar (areal):			
Teknisk	Dale sentrum	Pågår		
	Detaljreguleringar (areal):			
Teknisk	Gravstad Dale		Oppstart	
Teknisk	(faresonekartlegging gravstad Dale)	Oppstart		
Teknisk	Helseføremål sjukeheimen	Oppstart		
Teknisk	(Helseføremål Vollamyra)	Oppstart		
Teknisk	FV 57	Pågår		
Teknisk	Veg Lutelandet	Oppstart		